

Anne G. Waage  
Våkleiven 22

5155 BØNES

26.06.2015

Norges vassdrags- og energidirektorat,  
Postboks 5091 Majorstua,  
0301 OSLO

NY NETTILKNYTNING, DALSBOTNFJELLET VINDKRAFTVERK  
KONSESJONSSØKNAD OG KONSEKVENSUTREDNING - HØYRINGSUTTALE  
POSTVEG FRÅ BERGEN TIL TRONDHEIM PÅ 1600-TALET - GAMLE VEGFAR I  
GULEN OG MASFJORDEN – STØLSMINNER – FORNMINNER – KULTURMINNER  
M.M.

Eg viser til ovannemnde konsesjonssøknad, datert 19.mars 2015 med høyringsfrist  
29.06.2015.

Grunneigarane fekk utsett høyringsfrist til 29.07.2015 på grunn av at dei ikkje hadde motteke brev om saka før dei etterlyste det. På side 14 i konsesjonsøknaden, datert 19.3.2015 står m.a.:

*"Melding med forslag til utredningsprogram for Dalsbotnfjellet vindkraftverk er datert 115.04.2011. Med bakgrunn i melding og innkomne høringsuttalelser, fastsatte NVE et utredningsprogram. datert 12.10.2011. Ettersom planene for ny netttilknytning av Dalsbotnfjellet vindkraftverk er gjort offentlig kjent gjennom konsekvensutredningen av vindkraftverket med tilhørende dokumenter, ble det ikke ansett som nødvendig med ny forhåndsmelding. Konsekvensutredningen er utført med grunnlag i utredningsprogrammet fra 2011."*

Då utredningsprogrammet blei fastsett var ikkje den alternative linjetrase 2 b kjent. Om denne traseen blei det seinare fortalt at den var ikkje omsøkt. Det ser ut som at grunneigarane langs kraftlinjetraseen heller ikkje mottok brev då Dalsbotnfjellet vindkraftverk blei konsekvensutreda og konsesjonssøkt. .

Side 23 i konsesjonssøknaden til Dalsbotn vindkraftverk, datert 31.10.2011, står:

**2. Alternative løsninger (2a og 2b)**

*.....  
I løpet av samrådsprosessen har det også framkommet ønsker om netttilknytningsalternativ som går lenger øst enn alternativ 2a. Dette er benevnt som alternativ 2b. Fra transformatorstasjonen i Dalsbotnfjellet vindkraftverk vil det da bli bygget en ny 132 kV ledning via Fossdalen sørover til Austgulfjorden. Etter fjordkrysning fortsetter traseen øst for Kjellbjø og videre gjennom Myrdalen til Frøyset. Dette alternativet må foreløpig ses på som et eksempel på en østlig trasé, og det er behov for ytterligere vurderinger både av traséføring og kostnadsnivå.*

Alternativ 2b er truleg lagt fram av noken som ville bli berørt av dei andre alternativa, utan at det har vore kontakt med grunneigarane langs alternativ 2b. Dette alternativet har vore lite kjent i bygdene, og det har vel ikkje kome fram at det har vore eit aktuelt val for linjetrase. Det har difor ikkje kome fram kva som er av kulturminner, friluftsliv og biologisk mangfall m.m. i dette området. Her er fine turområder som ikkje er nemnde, stølsminner, utmarksminner og andre kulturminner er heller ikkje kome med.

Ørn ser eg mest kvar dag eg er i hagen, ho flyg over Varden/Sætrefjellet og Bufjellet der kraftlinja er planlagd. Sist veke såg eg 5 ørnar på ein gang, eg har tidlegare sett 6 ørnar på ein gang i området der linja er planlagd. Haukugle, jordugle, ryper, heilo og minst to typar falk held til i området der linja vil koma, for å nemne nokre fuglar. Garden Krossvoll vil få linjetraseen midt i himmelsynet.

**På Kjellby vil ein evt. trase kome over Bufjellet og gå framover dalen over Halsane.**  
**Dette er eit område der det ofte går både snøskred og jordras.** Huset nærmaste traseen vil bli ekstra utsett om skogen blir rydda under og attmed linja.

Det var informasjonsmøte i Gulen 10.06.2015 om ovannemnde konsesjonssøknad. Det blei på møtet sagt frå ein representant for NVE at det ikkje var krav til byggetillatelse frå kommunane og heller ikkje krav til dispensasjon frå kommuneplanen for bygging i LNF-områda. Det siste må no være feil, sjå utdrag frå søknaden side 14:

#### *Plan- og bygningsloven*

*Det er ikke utarbeidet reguleringsplan for tiltaket. Nye bestemmelser utelater nå tiltakshavers plikt til å utarbeide reguleringsplan. Da det ikke blir utarbeidet reguleringsplan, vil tiltaket kreve dispensasjon fra kommuneplanens arealdel. Det aktuelle området er definert som LNF i kommuneplanens arealdel for begge kommunene. Det er lagt opp til å søke dispensasjon fra kommuneplanen først etter at saken er ferdig behandlet etter energiloven.*  
*Det er ikke krav om byggetillatelse (etter § 93 i PBL) for utbyggingstiltak som behandles etter energiloven.*

På ovannemde møte fortalte ein av bebuarane på Sleire i Masfjorden om ein eller fleire mogelege gravhaugar i Myrdalen. Det er i dette området ei evt. kraftlinje vil kome. R. Sleire fortalte at han ville kontakte Fylkeskonservatoren om dette. Eg har nettopp skrive eit stykke om **ein til no lite kjend postveg, som truleg fylgjer gamle vegfar, m.a fra Risnes – Frøyset – Sleire – Myrdalen – Kjellby – Opdal(Oppdalsoyra) - Austgulen – Takledalen – Takle – over Sognefjorden – Bø i Hyllestad.** Desse opplysningane og ein del opplysningar om stolar, forminne og kulturminner m.m. sender eg dykk, då konsekvensutredninga om kulturminner og kulturmiljø etter mitt syn er svært mangefull.

Det har truleg kome inn få uttalelser til denne netttilknytninga, då det ved alle høve tidlegare vart presisert at denne traseen ikkje var omsøkt. Den var då heller ikkje befart før konsesjonssøknaden om vindkraftverket på Dalsbotnfellet blei levert. Denne traseen var alternativ 2b i søknaden. NVE skriv i bakgrunn for vedtak datert 30.09.2013:

*Det er også beskrevet to alternative netttilknytinger, 2a og 2b, som er aktuelle dersom kun Dalsbotnfjellet får konsesjon (se figur 1, side 5). NVE konstaterer at disse alternativene ikke er omsøkt, men virkningene er kortfattet utredet for temaene landskap, kulturminner, biologisk mangfold, inngrepssfrie naturområder og landbruk. Dersom det blir aktuelt å gi konsesjon til Dalsbotnfjellet alene vil NVE kreve ytterligere utredninger, blant annet knyttet*

*til naturmangfold. NVE konstaterer at noen høringsinstanser er kritiske til alternativ 2b av hensyn til naturmangfoldet og inngrepsfrie naturområder.*

**Vidare** står på s.75 i konsesjonssøknaden til Dalsbotnfjellet vindkraftverk:

*Alternativ 2b*

*Alternativet berører ingen kjente automatisk fredete kulturminner, men vil medføre nærføring med noen SEFRÅK-ruiner og nyere tids utmarksminner ved Kjellby. Dette vurderes å gi liten-middels negativ konsekvens for kulturmiljøet her. Begge alternativene vil kreve § 9-undersøkeler.*

No ser det ut som at NVE ikkje har krevd § 9-undersøkelser før etter at konsesjon er gitt. Dette vil då truleg føre til at evt. funn i området ikkje vil stoppe ei evt. utbygging same kor mange og viktige funn som vil bli gjort.

Det er i dette området ein del sagntradisjoner som knyter seg til bestemte stader. Er slike stader automatisk freda kulturminner? Det gamle vegfaret over Myrdalen kan vere eit automatisk freda kulturminne, det kan også Varden vere, og ei evt. dyregrav i Dyregrovbsbotn. Her er også stadnamn som Slatte, Skansen og Borgja, der det andre stader har vore funne bygdeborger. Bufjellet som ligg bak husa på Kjellby er ein stad som evt. må bli nærmere undersøkt om det kan ha vore ei bygdeborg der. På nordsida av Bufjellet er det ein gammal mur i kanten av lia rett oppfor Alvedalsøene. Ei evt. kraftlinje vil kome over Bufjellet. Namnet Tjorabben og Tjorabbfjellet, i grensa mot Masfjorden, kan kanskje vise til ein tjodveg. I området Myrdalen/Kjellby er der mange utmarksminner, stølsminner og minner om vegar og stigar som kryssar igjennom området. Sjå vedlegg.

Gardsnamnet Kjellby blir forklart at det kan koma frå kjelde og bjuga som tyder bogen, krum, eller mannsnamnet Kjell samansett med bu. (Ein stad langs kraftlinjetraseen ligg ein stein som blir kalla Bogestenen.)

Ei anna tyding av namnet kan vere at namnet kjem frå tjeld/kjeld (kjell) som er eit telt/hytte av seglduk. Tjelbdud, f. tøihuus, bod til forvaring af vaaben og krigsfornødenheder. (I.Aasen.) Tjelta eller kjella er å sette opp eit telt. Namnet er enno kjent og brukt nord i landet. Kan namnet forklarast som kjell/tjeld kan det då visa til at her har vore ein samlingsplass av noko slag der folk sette opp telt/tjeld/kjell.

Myrdalen og Kjellby er eit område som ligg i mellom fleire bygdelag, der har gått ein gammal ferdaveg der og mange stølsvegar, det er også sagn om slåssing om grensene.

**Kjellby** har store vidder, så her hadde det vore plass til mykje folk. Stølsdrifta kan ha samla mykje folk og dyr på veg til og frå sæterbeite her, både tidleg sumar og sein høst. Det var vanleg skikk å fara både til og frå sætra på same tid.

Vidare står om:

***Biologisk mangfold***

*Alternativ 2b*

*Dette alternativet er ikke undersøkt i felt da det ikke var kjent ved tidspunktet for befaringen.*

Dette betyr vel at området for den no omsøkte kraftlinja ikkje blei befart før 24. og 25.6.2014. To(3?) dagar er ikkje mykje tid for å få med seg kva som er av kulturminner m.m. i eit så stort område.

*I Samla Plan for vassdrag for 268 Kløvtveitvelva, Gulen kommune, vassdragsrapport frå 1984 står det fylgjande om kulturminnevern i oppsummeringa: "Det er stor sannsynlighet for funn av steinalderboplasser i dette området bl.a. fordi det er så kort avstand mellom fjorden og fjellvannene. Det er gjort funn både fra steinalderen og jernalderen og ellers er det mange kulturminner fra gårds- og stølsdrift som kan følges fram til vår tid."*

Dette er frå området på sørsida av Austgulfjorden. Denne uttalen kunne ein truleg også bruke på områda på begge sider av Austgulfjorden, der Dalsbotnfjellet vindkraftverk er planlagt på nordsida av fjorden, og om kraftlinjetraseen som kryssar fjorden og fortset på sørsida.

Eg legg ved ei liste m/kart med oversikt over stølar, vegar/stigar, kulturminner m.m., ei liste over kjende fornminner funne på gardane kring Austgulfjorden. Det er også med bilder av nokre av funna. Vidare ligg ved eit stykke om den gamle postvegen frå Bergen – Trondheim, som gjekk igjennom området der den omsøkt kraftlinja kan kome. Avskrift av brevet frå sokneprest S. Dresing i Eivindvik, der han omtalar den gamle postvegen.

**Området der kraftlinja er planlagd, er eit område rikt på kulturminner, det er fornfunn frå området og frå gardane kring Austgulfjorden. Det har gått ein gamal ferdaveg/postveg i området, den kan vere eit automatisk freda kulturminne.** Nær gamle vegar kan ein ofte finne fornminner og kulturminner. Det kan også vere eldre stølsminner og andre utmarksminner enn dei som er omtala i vedlagde liste.

**Området har stor verdi med mange kulturminner(og evt. fornminner), fin natur og så er det eit mykje brukta friluftsområd. Det bør difor ikkje kome ei kraftlinje der.**

Med venleg helsing

Anne G. Waage

Vedlegg:

Stølar, ferdslevegar og fornminner m.m., med kart.

Fornminner som er registrert på gardane rundt Austgulfjorden, med kart.

Har i forige tiider været gammel Post-Vey. Om gamle postvegar på Vestlandet, postvegen frå Bergen – Trondheim på 1600-talet.

Ærbødigst Pro Memoria ! Brev frå sokneprest S. Dresing i Eivindvik om ”adskillige Bøygde-Kirke- og Ting-Veye” i Eivindvik prestegjeld.